



Fagfellevurdert artikkel

«Men det hjelper mye når man kjenner dialekter». Haldningar til norskspråkleg variasjon i andrespråksopplæring

Brita Høyland

Høgskulen på Vestlandet

brita.hoyland@hvl.no

ORCID: <https://orcid.org/0009-0007-7394-1484>

Samandrag

Denne artikkelen undersøker haldningar til munnleg og skriftleg norskspråkleg variasjon i andrespråksopplæring. Meir spesifikt undersøker artikkelen kva symbolsk verdi internasjonale studentar knyter til norskspråkleg variasjon i norskopplæringa, og korleis studentanes språklege val og investering er kopla til dei førestilte fellesskapane dei ønskjer å ta del i. Hovudmaterialet artikkelen byggjer på er intervju med åtte internasjonale studentar som er deltakarar på norskkurs ved to universitet i Noreg, eitt i aust og eitt i vest. Svar frå ei spørjeundersøking blant ei større gruppe internasjonale studentar er i tillegg brukt for å gi eit oversiktsbilete. Dei ulike haldningane blir drøfta i lys av teori om språk sin symbolske verdi på den lingvistiske marknaden og teori om investering knytt til deltaking i førestilte fellesskapar. Eit hovudfunn er at studentgruppa har ei positiv tilnærming til norskspråkleg variasjon, og at dei ønskjer meir variasjon som del av undervisninga. Funna viser ein samanheng mellom oppfatningar om kva symbolsk verdi ulike variantar av målspråket norsk har og investering i desse ulike variantane. Artikkelen konkluderer med at inkludering av norskspråkleg variasjon i opplæringa kan gi studentane lettare tilgang til dei førestilte fellesskapane dei ønskjer å bli integrerte i.

Nøkkelord: Språkleg mangfald i andrespråksopplæring; språkideologi og språkhaldning; lingvistisk marknad; investering og førestilte fellesskapar

ENGLISH ABSTRACT

“But it helps a lot when you know dialects”. Attitudes towards Norwegian Language Variation in Second Language Education

This article examines attitudes towards spoken and written Norwegian language variation in second language education. More specifically, it investigates the symbolic value that international students ascribe to Norwegian language variation in Norwegian instruction, and how students' linguistic choices and investments are linked to the imagined communities they wish to join. The primary data material comprises interviews with eight international students enrolled in Norwegian language courses at two universities in Norway, one in the east and one in the west. Additionally, responses to a survey among a larger group of international students provide an overview. The various attitudes are discussed drawing on theories concerning the symbolic value of language in the linguistic market and the concept of investment related to participation in imagined communities. A main finding is that the student group holds a positive attitude towards Norwegian language variation and expresses a desire for more variation within instruction. The findings indicate a relationship between perceptions of the symbolic value of different variants of the target language Norwegian and students' investment in those variants. The article concludes that inclusion of Norwegian language variation in instruction may facilitate students' access to the imagined communities they seek to become integrated into.

Keywords: Linguistic diversity in second language education; language ideology and language attitude; linguistic market; investment and imagined communities

Innleiing¹

Denne artikkelen undersøker internasjonale studentar sine haldningar til norskspråkleg variasjon, som i denne samanhengen vil seia dialektar og skriftspråka bokmål og nynorsk, i andrespråksopplæringa. I universiteta sine kursplanar for munnleg og skriftleg norsk på det øvste trinnet (trinn 4) er det lagt vekt på at studentane skal kunna bruka eit munnleg språk «fleksibelt og hensiktsmessig til både sosiale og akademiske formål» og at dei skal «kunne uttrykke seg skriftleg og munnleg på norsk med variert språk, idiomatikk og komplekse strukturar».² Konkret kva som ligg i «variert språk» er ikkje nærare spesifisert i kursplanane, og det er uklart om munnleg og skriftleg norskspråkleg variasjon fell innunder dette, jamvel om variasjon i stor grad pregar det norske språksamfunnet. Kursplanane er styringsdokument som lærarane følgjer når dei gir norskopplæring til internasjonale studentar. Den politiske styringa er svak på dette området, og mykje av det som gjeld vektlegging av norskspråkleg variasjon i opplæringa er overlate til den enkelte læraren å ta stilling til. I ein slik situasjon er haldningar til norskspråkleg variasjon vesentlege å gå inn i, og denne artikkelen har innlærarperspektivet på variasjonen i sentrum.

Både studentar og lærarar på norskkurs ved to utdanningsinstitusjonar i Noreg har svara på spørjeundersøkingar og blitt intervjuar om eigne haldningar, og det er studentane sine uttrykte refleksjonar som er materialet for denne artikkelen.³ Artikkelen undersøker *kva symbolsk verdi internasjonale studentar knyter til norskspråkleg variasjon, og korleis studentanes språklege val og investering er kopla til dei førestilte fellesskapane dei ønskjer å ta del i*. Verdivurderingar av den norskspråklege variasjonen er uttrykk for individuelle språkhaldningar, men mange av desse kan ha rot i kollektive språkideologiar. Språkhaldningar og språkideologiar inneber verdivurderingar som er tett knytte til korleis samfunnet er strukturert og korleis språkbrukarar er aktørar i å strukturera samfunnet ved å oppretthalda, men også å utfordra, gjeldande makttilhøve. Omgrepet *språkideologi* blir difor ikkje forstått som noko homogent og statisk i denne artikkelen, men som noko dynamisk og foranderleg, der ulike språklege kampar og spenningar oppstår (Woolard & Schieffelin, 1994, s. 71). Språklege ideologiseringsprosessar inneheld verdivurderingar, dei førekjem på ulike samfunnsnivå, og spenningar kan oppstå både *mellom* og *i* ulike individ.

¹ Artikkelen byggjer på ein studie utført saman med to medforskarar (Else Berit Molde, UiB og Toril Kristin Sjø, UiO), som del av det Nordplus-finansierte forskingsprosjektet DEVELOPMENT Andrespråksdidaktikk og språkmangfold i utvikling i teori og praksis, 2022-2025.

² Av omsyn til anonymiseringa av deltakarane, tar eg ikkje med referansane til dei aktuelle kursplanane her.

³ Det er fleire artiklar under publisering basert på det samla materialet. Høyland (2026) byggjer på andre delar av dei åtte studentintervjua og undersøker om språkhaldningar frå førstespråka deira vert overførte til språkhaldningar i Noreg. Molde (2026) inneheld analysar av spørjeundersøkingane, og Sjø (2026) byggjer på det samla materialet og presenterer studentar og lærarar sine didaktiske tips for å tematisera norskspråkleg variasjon.

I denne artikkelen blir verdivurderingane av norskspråkleg variasjon analysert og drøfta i lys av teori om ideologiseringsprosessar (Irvine & Gal, 2000), språk sin symbolske verdi på den lingvistiske marknaden (Bourdieu, 1991) og teori om investering knytt til deltaking i førestilte fellesskapar (Norton, 2013). Til slutt løftar artikkelen fram moglege implikasjonar for opplæringa knytt til kva symbolsk verdi studentane tilskriv nokre ulike variantar av målspråket norsk.

Bakgrunn for studien og tidlegare forskning

Studentane som er deltakarar i denne studien, er knytt til norskkurs ved to universitet i Noreg, eitt i aust og eitt i vest. Studentane er rekna for å vera vidarekomne i norsk, då dei er deltakarar på dei høgste nivåa, trinn 3 og trinn 4. Dei har budd i Noreg mellom eitt og fem år når datainnsamlinga går føre seg, og fleire av dei har planar om å bli verande i Noreg lenge, nokre for alltid, medan andre ser på opphaldet som midlertidig. Dei har mange ulike førstespråk, og dei fleste kjem frå europeiske land, men asiatiske og søramerikanske land er også representerte. Alle har bakgrunn frå språksamfunn som har sterk standardspråkideologi, der dialektar anten ikkje er i bruk eller berre knytt til privatsfæren.

Det som skil det norske språksamfunnet frå mange andre språksamfunn, er at dialektar er i bruk i alle situasjonar og innanfor alle domene i Noreg. Det norske språket har ingen offisiell talespråkleg standard, noko som ofte blir trekt fram som ein føresetnad for at dialektar i Noreg har høg status (Nesse & Høyland, 2023; Røyneland, 2017; Trudgill, 2002, s. 31). Det søraustnorske talemålet, sentrert rundt Oslo, fungerer likevel som eit opplevd standardtalemål i Noreg (Hårstad et al., 2021; Mæhlum, 2009), men utan at det har ein offisiell status som eit standardtalemål. Norske variasjonspraksisar inkluderer både tradisjonelle norske dialektar, nyare multietnolektar og mange ulike former for transspråking, språkblanding og kodeveksling (Hårstad, 2021; Røyneland, 2017). I tillegg er det opning for å velja mange ulike skrivemåtar innanfor dei to norske skriftspråka bokmål og nynorsk. Variasjon er difor normalen for språkbrukarar med norsk som sitt førstespråk (Nesse & Høyland, 2023). I denne studien er me opptatte av studentane sitt møte med all form for norskspråkleg variasjon, men hovudfokuset ligg på dialektar, forstått som geografisk forankra varietetar, og skriftspråka bokmål og nynorsk.⁴

Det har lenge blitt rapportert om at andrespråklærarar som underviser vaksne innlærarar i bokmål bruker ein varietet som liknar eit standardisert talemål, som vil seia eit talemål som er nært knytt til den skriftlege bokmålsnorma (Heide, 2017; Husby, 2009; Molde, 2017,

⁴ I denne artikkelen undersøker eg studentane sine haldningar til variasjon i brei forstand, men det vart lagt vekt på dei tradisjonelle norske dialektane (det vil seie geolektar) og dei to norske skriftspråka i spørsmåla me stilte deltakarane. Det var sjølvstøtt opning for å trekkja inn andre talespråklege variasjonspraksisar, noko ingen gjorde.

Molde, 2026; Øynes, 1996). Ein praksis der dialektal og skriftspråkleg variasjon er nærast fråverande i undervisninga, inneber at avstanden mellom skriftspråket og talespråket i klasserommet er liten, medan avstanden mellom språket *i* og *utanfor* klasserommet kan vera stor (Høyland, 2026; Molde, 2017; Molde, 2026). Studentane møter difor på dialektal variasjon og nynorsk primært utanfor klasserommet. Det har vore forska lite på kva plass den norskspråklege variasjonen har eller kan ha i andrespråksopplæringa, og her trengst det fleire empiriske studiar både for å beskriva lærarspråket i bruk og variasjon som innhaldskomponent i undervisninga. Høyland (2021) viser at lærarane sine talespråklege praksisar i ein innføringsklasse på ungdomstrinnet på Sørvestlandet inneheld variasjon på aksen dialekt–skriftnær tale. I denne konteksten, der nynorsk er opplæringspråket, førekjem likevel bokmålsnær tale i vesentleg grad (Høyland, 2021). Dei siste åra har ei begynnande problematisering av og diskusjon om norsk som ei homogen målspråksnorm blitt løfta fram (Høyland, 2021; Høyland, 2026; Molde, 2026; Monsen & Pájaro, 2021; Sjø, 2026; Tollaksvik, 2021), og denne artikkelen føyer seg inn i denne diskusjonen.

Tidsskriftet *Journal of Multilingual and Multicultural Development* hadde i 2025 ein eigen spesialdel med tittelen *Migration and Dialect Acquisition in Europe*. Denne delen inneheld artiklar som undersøker om språkbrukarar som er fødte og veks opp i innvandrarfamiliar i nokre utvalde europeiske land bruker eller ikkje bruker regionale og/eller dialektale språktrekk (Auer & Røyneland, 2025). Både i Stuttgart i Tyskland (Auer, 2025) og i Odense i Danmark (Quist & Skovse, 2025) vel yngre språkbrukarar med tilknytning til innvandarmiljø multietnolektisk språkbruk framfor tradisjonelle dialektar. Dette blir forklart både som eit resultat av manglande eksponering for tradisjonelle dialektar og som ei form for identitetshandling og posisjonering (Auer, 2025; Quist & Skovse, 2025). I provinsen Limburg i Nederland finn Cornips (2025) at innvandrarar som tileignar seg den lokale dialekten i denne provinsen, møter på ei form for «linguistic othering» og negative haldningar frå førstespråksbrukarar som ser på seg sjølve som autentiske brukarar av denne dialekten. Dette fører til at dei nye dialekttalarane anten sluttar å bruka dialekten eller at dei kjenner seg ukomfortable med å bruka han (Cornips, 2025). I Noreg har Røyneland og Jensen (2025) undersøkt haldningar ungdommar med norsk som sitt førstespråk har til andrespråksinnlærarar som har valt å nytta dialekt både aust og vest i Noreg. Dei finn at dialektbruk har innverknad på kor *utanlandsk* og *norsk* ein blir oppfatta å vera. I lys av ideologiar som assosierer dialekt med det autentiske og ekte, hevdar Røyneland og Jensen (2025) at dialektbruk også for nye talarar av norsk indekserer lokal tilhørsle, rotfeste og jamvel også integrering, særleg når ein ikkje-Oslo-dialekt er i bruk.

Nokre tidlegare masteroppgåver knyter også dialektbruk til integrering, og studiane viser at vaksne andrespråksinnlærarar som bruker norske dialektar og/eller nynorsk opplever dette som positivt i eit integreringsperspektiv (Jølbo, 2007; Reppen, 2011; van Ommeren,

2010). Jølbo (2007) studerer språklege val blant vaksne andrespråksbrukarar i Stavanger, og innlærarar som vel å snakka stavangerdialekt med andre frå Stavanger og eit meir standardnært talemål med personar frå andre stader, plasserer Jølbo (2007) i kategorien *integrativ akkulturasjonsprofil*. Det er særleg bruk av stavangerdialekt som blir møtt med positive haldningar lokalt, og dette spelar inn på individet sine val. Også i van Ommeren (2010) blir bruk av lokaldialekten (oppdalsk) møtt med positive haldningar, og informantane sine språkval heng saman med sosial posisjonering. Reppen (2011) undersøker vaksne andrespråksbrukarar i nynorsk kommunen Vinje sine val av skriftspråk etter fullført opplæring i bokmål, og studien viser at val av nynorsk kan bidra positivt i integreringsprosessen og styrkja kjensla av å høyra til.

Mange forskingsfunn peikar såleis i same retning, at dialekt- og nynorskbruk ved tileigning av norsk som andrespråk i vaksen alder, genererer positive haldningar i Noreg, særleg i lokalsamfunn utanfor hovudstaden. Dette er i tråd med den sterke posisjonen dialektar har i det norske språksamfunnet, også dette utanfor hovudstaden, noko som skil seg frå situasjonen i mange andre land (Auer & Røyneland, 2025; Trudgill, 2002). Det me derimot veit lite om frå tidlegare forskning, er kva haldningar innlærarar har til den norskspråklege variasjonen, og kva implikasjonar haldningane deira kan ha for opplæringa. Det er dette som blir løfta fram i denne artikkelen.

Språk og symbolsk makt, investering og førestilte fellesskapar

Det teoretiske rammeverket som ligg til grunn for å forstå dei individuelle haldningane som kjem fram i denne studien, er innanfor den kritiske sociolingvistikken. Judith T. Irvine og Susan Gal (2000) sin teori om korleis kollektive språkideologiar både oppstår og blir oppretthaldne er eit grunnlag, og i denne artikkelen vil eg nytta omgrepet deira, *utvisking/sletting (erasure)* (Irvine & Gal, 2000). Dette omgrepet kan nyttast både om språk og språkbrukarar, slik at ein både kan få utvisking av språkformer og ei usynleggjering av grupper av menneske. Eit eksempel Tove Bull trekkjer fram frå norsk språkhistorie, er den sterke nasjonsbyggande ideologien som rådde både då nynorsk (landsmål) vart til, men også i seinare normering av nynorsk (Bull, 2018). Dette har medført at mange lånord og talemålsformer frå nedertysk (og dansk) er utelatne frå nynorsknorma, til dømes ord med affiksa *an-*, *be-*, *-he(i)t* og *-else* (til dømes *anbefale*, *godheit*), jamvel om desse har vore i norske talemål i fleire hundre år. Importord frå gresk og latin, til dømes *demokrati* og *filosofi*, har derimot ikkje vore sett på som trugslar mot nasjonsbygginga (Bull, 2018). Dette viser at *utvisking/sletting* er prosessar som kviler på verditilskrivingar av språk, og slike ideologiseringsprosessar inneber alltid ei maktutøving overfor språk og språkbrukarar.

Pierre Bourdieu bruker termar frå samfunnsøkonomi som metaforar for verdivurderingar av språk, noko *lingvistisk kapital* er eit eksempel på. Han hevdar at språk har *symbolsk makt*

på *den lingvistiske marknaden* (Bourdieu, 1991), og slik koplar han språk og makt på ein eksplisitt måte. Ofte er det makteliten sitt språk som har størst symbolsk verdi i eit samfunn. Å nytta eit språk som er tilskrive stor symbolsk verdi, kan gi fordelar for språkbrukarar, og tilsvarende kan det medføre ulemper for språkbrukarar å nytta språk som manglar dette. Bourdieu sine metaforar må bli forstått som noko som er i endring kontinuerleg. I norsk samanheng er det til dømes ikkje alltid eit opplagt svar på kva for variant av norsk som har størst verdi på den lingvistiske marknaden. Bourdieu sin teori (1991) må difor omsettast og forståast i lys av norske forhold. Eit eksempel frå norsk kontekst er at skriftspråket bokmål ser ut til å ha større verdi enn nynorsk overregionalt og nasjonalt, sidan bokmål dominerer i bruk i det norske språksamfunnet. I ein annan kontekst, til dømes i ein nynorsk kommune, kan nynorsk ha stor verdi på den lingvistiske marknaden, medan dialekten frå nabobygda kan bli sett ned på og latterleggjort. Samstundes kan bygdedialektar ha stor symbolsk verdi nasjonalt, fordi dei representerer noko ekte og autentisk (Røyneland & Jensen, 2025). Bruker me Bourdieu (1991) sin teori på individ sine haldningar, finn me endå meir komplekse verdivurderingar av ulike variantar av norsk. Desse individuelle haldningane kan ha rot i språkideologiar som eksisterer kollektivt, og dei kan også spegla språkideologiske spenningar som finst i lokalsamfunn og nasjonalt (jf. Høyland, 2021).

Bonny Norton (2013) byggjer vidare på Bourdieu (1991) sine metaforar, noko som kjem tydeleg fram når ho hevdar at innlærarar investerer i målspråket dersom dei trur at dei vil oppnå «a wider range of symbolic resources (language, education, friendship) and material resources (capital goods, real estate, money), which will in turn increase the value of their cultural capital and social power» (Norton, 2013, s. 6). Ein auke i verdien av *kulturell kapital* og *sosial makt* er her knytt til at ein har investert i å lære seg det språket som gir tilgang til desse goda. Norton sin teori om *investering* (Norton, 2013) dreier seg om at innlærarar legg ned tid, krefter og innsats i språklæringa kopla til kva dei oppfattar kjem til å kasta av seg eller vera nyttig for dei i framtida. Investering i språk som er gunstig med tanke på kulturell kapital og sosial makt heng også saman med *førestilte fellesskapar* (*imagined communities*) (Norton, 2013, s. 8). Dette omgrepet er knytt til at innlærarane vil investera meir i språklæringa dersom opplæringa er i tråd med språkbruken til den fellesskapen dei ser føre seg å høyra til.

Materiale og metode

Hovudmaterialet for denne artikkelen er intervju med åtte internasjonale studentar på norskkurs ved to universitet i Noreg, eitt i aust og eitt i vest. Nokre av svara frå ei spørjeundersøking blant studentar på trinn 3 og trinn 4 (N=42–59)⁵ blir i tillegg brukte til å

⁵ N=42–59 tyder at 42 studentar gjennomførte heile spørjeundersøkinga, medan 17 har svara på delar av undersøkinga. Sjå meir om spørjeundersøkinga i Molde (2026).

gi eit oversiktsbilete, men her har eg gjort eit strengt utval i tråd med fokuset i denne artikkelen. Språkhaldningsstudiar byggjer på anten direkte eller indirekte metodar (Kulbrandstad, 2015), og her er det brukt direkte metode ved at me spurde etter språkhaldningar utan å prøva å dekkja over at det er haldningar som er studieobjektet. Heile undersøkinga har ei kvalitativ innretning, der ønsket om å gi alle deltakarane i studien høve til å uttrykkja språkhaldningane sine, har vore styrande. Det kvalitative er også varetatt i spørjeundersøkinga som har mange fritekstfelt som gir deltakarane moglegheit til å gi utfyllande kommentarar.

Rekruttering av studentdeltakarar gjekk føre seg våren 2023 ved at me inviterte dei vidarekomne internasjonale studentane som deltok på norskkurs (trinn 3 og trinn 4) ved to utdanningsinstitusjonar til å svara på ei spørjeundersøking om haldningar til norskspråkleg variasjon (dialektar, nynorsk og bokmål). Dette førte til at me fekk svar frå om lag 50 studentar. Mange av desse melde seg også til individuelle semistrukturerte intervju, og me valde ut åtte studentar, likt fordelte på dei to utdanningsinstitusjonane. Utvalet av intervjudeltakarar er strategisk, der me har valt deltakarar som representerer ulike haldningar til dialektar og nynorsk. Det har vore eit ønske å gå i djupna i intervju, der dei ulike haldningane som kom fram i spørjeundersøkinga (sjå Molde, 2026) kunne undersøkast nærare. Alle intervju vart gjennomførte hausten 2023.

Spørsmåla i spørjeundersøkinga og i intervju dreier seg i hovudsak om erfaringar med og haldningar til dialektvariasjonen i norsk, dei to norske skriftspråka, i særleg grad nynorsk, og haldningar til variasjon i norskopplæringa. Materialet gir på denne måten innblikk i eit innlærarperspektiv på den norskspråklege variasjonen i språksamfunnet og i norskopplæringa. Spørjeundersøkinga vart laga i SurveyXact, denne vart delt med lenke og gjennomført digitalt. Intervju vart gjennomførte i klasserom ved dei to utdanningsinstitusjonane, og etterpå transkriberte til talemålsnært bokmål ved hjelp av transkripsjonsverktøyet Autotekst (UiO, u.å.) og reinskrivne etterpå. Ansvar for gjennomføring av intervju og transkripsjonane vart fordelte mellom medforskarane mine og meg (sjå fotnote 1).

Materialet er analysert i tråd med refleksiv tematisk innhaldsanalyse (Braun & Clarke, 2021), og i analysane har eg lagt vekt på ei talarfokusert tilnærming (Golden & Steien, 2018; Molde & Wunderlich, 2021). I denne artikkelen inneber dette at det er studentane sine stemmer som blir løfta fram. Materialet er koda og kategorisert abduktivt (Alvesson & Sköldbberg, 2017), som vil seia at dei teoretiske tilnærmingane har påverka kategoriseringa, samstundes som eg prøver å møte materialet med ei open og induktiv tilnærming gjennom ei tekstnær koding og kategorisering (Braun & Clarke, 2021). Eit eksempel på denne framgangsmåten er at eg har valt å skilja mellom vurderingar av talespråk (dialektar) og skriftspråk (med vekt på nynorsk) ved å presentera desse som to kategoriar, det vil seie kvar

for seg, basert på ein forskingstradisjon som skil mellom tale- og skriftspråk. Dette kunne vore løyst på andre måtar, og det er noko problematisk å skilja frå kvarandre det studentane gjerne snakkar om i same andedrag. Eg valde likevel dette som eit analytisk grep for å operasjonalisera omgrepet *norskspråkleg variasjon* og framstilla funna på ein teoridreven måte. Dette, kombinert med ein induktiv og tekstnær framgangsmåte, medfører at det førekjem noko overlapp i framstillinga, til dømes at (delar av) det same sitatet fell innunder to kategoriar.

Det forskningsetiske er varetatt ved at eg følgjer Sikt sine tilrådingar for personvern. Deltakarane er anonymiserte og nummererte, der S1–S8 står for Student 1–Student 8. Berre der det er relevant for analysane er det oppgitt om studentane er knytte til utdanningsinstitusjonen i aust eller vest. Språkbakgrunn og andre personidentifiserande opplysningar er utelatne for enkeltindivida. I presentasjonen av funna er det lagt vekt på gjennomsiktigheit ved å sitera hyppig og ved å oppgi kva for del av materialet (intervju eller spørjeundersøking) det blir vist til fortløpande. Sitata er skilde frå annan tekst ved at dei er på bokmål, og eg nyttar i tillegg kursiv når sitat frå intervju blir presenterte som del av brøtteksten.

Funna er kategoriserte i to deskriptive hovudområde som dekker haldningar til norskspråkleg variasjon: *vurderingar av dialektar* og *vurderingar av nynorsk*. Til kvar av desse er det ein underkategori som dekker opplæringa spesielt: *norskundervisning og dialektar* og *norskundervisning og nynorsk*. Eit tredje hovudområde har ei meir tolkande innretning, der eg undersøker kva studentane seier knytt til investering i ulike variantar av det norske språket, og dette er plassert i kategorien *investering og språklege val*. I presentasjonen som følgjer vil eg innleiingsvis for dei to første hovudkategoriane nytta utvalde svar frå spørjeundersøkinga til å gi eit oversiktsbilete av tendensar som kjem fram der,⁶ før eg går meir i djupna i studentintervjua.

Presentasjon av funn

Vurderingar av dialektar

I spørjeskjemaet vurderer studentane ulike utsegner om dialektar og nynorsk. 43 studentar fordeler seg slik på utsegna «Jeg liker norske dialekter»: Svært einig (30%, 13 studentar), einig (33%, 14 studentar), verken einig eller ueinig (26%, 11 studentar), ueinig (7%, 3 studentar) og svært ueinig (5%, 2 studentar). Her er det eit klart fleirtal (63%, 27 studentar) som er svært einige/einige og dermed uttrykkjer at dei likar norske dialektar.

⁶ Sjå Molde (2026) for utførlege analysar av spørjeundersøkingane.

Intervjua underbyggjer at studentane sine haldningar til norske dialektar jamt over er positive. S8 fokuserer på skilnader mellom Noreg og heimlandet⁷, der dialektbruk dominerer i Noreg og er fråverande i heimlandet, og seier at *jeg vet at nordmenn er stolte av sine dialekter og snakker sine dialekter*. S5 seier at *jeg bare synes at dette er en fin kontrast mellom den homogeniteten som jeg har i hjemlandet mitt, og som finnes her i Norge, med heterogenitet*. S1 har til og med fått med seg nasjonalsporten i Noreg, å plassera nye menneske ein møter på dialektkartet: *Så jeg synes det er artig at man kan sånn litt skjønne hvor folk kommer fra*. Vidare knyter S1 språk og identitet saman: *Og så er det fint å ha sin egen identitet og dialekt*. Noko liknande uttrykkjer også S6: *Nordmenn er litt mer knyttet til språket sitt og dialekten sin*. Fleire er inne på statusen dialektar har i Noreg i mangel på eit offisielt standardtalemål, her uttrykt av S7: *Jeg tror det er forskjellige måter å snakke på, og de er på det samme nivået. At alle kan snakke på sin egen dialekt*. Seinare følgjer S7 opp dette og hevdar at *etter min mening kan man ikke forstå språk som norsk, hvis man ikke forstår dialekter*. S2 knyter jamvel dialektar og dialektbruk til demokrati: *Og for meg, jeg bare startet å forstå hvor viktig er det å ha demokrati når det gjelder dialekter, bare etter to år å bo i Norge (...) Og alle er stolte av dialektene sine. Og det er noe bra for samfunnet*.

Dei fleste studentane er svært positive til norske dialektar. Det er likevel nokre varietetar som vert føretrekte framfor andre, og her kjem den austnorske varietetten best ut for studentane i aust, som S5 like før dette utdraget har kalla *standard*:

Helt personlig foretrekker jeg den litt. Jeg synes den har en veldig fin melodi. Så det er veldig fint å høre på. Og noen av de norske dialektene er også fint å høre på, men høres litt rart ut, kanskje, for noen som ikke har denne språklige bakgrunnen. Så kanskje litt artig av og til. (...) Jeg foretrekker det talemålet [by, øst], men det er bare liksom min personlige preferanse. Det har ikke noe å gjøre med den respekten som jeg har for de forskjellige talemålene.

S5 vurderer her norske dialektar som noko som er *fint*, *rart* og *artig*, og hen tilskriv austnorsk høgare verdi enn andre norske dialektar ut frå sin *personlige preferanse*. Til slutt i dette utdraget understrekar S5 respekten hen har for norske dialektar generelt.

S1 uttrykkjer seg positivt om norske dialektar, men meiner samstundes at nokre byr på ekstra utfordringar når hen seier at *jeg tror trøndersk er egentlig mest vanskelig*. Både i aust og i vest rangerer dei austnorsk som lettast å forstå, deretter bergensk, medan trøndersk kjem på sisteplass, basert på at dei synest denne dialekten er vanskeleg å forstå.

⁷ *Heimland* blir i denne artikkelen brukt om dei landa studentane har budd i før dei kom til Noreg. Dei snakkar sjølve også om dette som *hjemme*, sjølv om mange også tenkjer på Noreg som heime.

Norskundervisning og dialektar

I spørjeundersøkinga får studentane spørsmålet «Synes du det er viktig at du lærer deg å snakke en norsk dialekt?». Like over halvparten (51%, 23 studentar), svarar «ja» på dette, medan dei resterande 22 studentane fordeler seg likt på «nei» og «vet ikke». På spørsmålet «Hvilken type norsk snakker du i dag?» svarar studentane slik: 65% (30 studentar) snakkar «bokmålsnær tale», dei resterande 16 studentane fordeler seg på «dialekten i øst» (10), «dialekten i vest» (2) og «vet ikke» (4). På spørsmålet «Hvilken type norsk ønsker du å snakke i framtida?» svarar ti færre (43%, 20 studentar) «bokmålsnær tale», og her aukar dei andre alternativa difor noko opp: «dialekten i øst» (12), «dialekten i vest» (6), «vet ikke» (5), i tillegg til at «nynorsk nær tale» (2) og «annen dialekt» (1) også er representerte i svarea deira. Tendensen er såleis at studentane vil ta i bruk meir variasjon i framtida enn dei rapporterer at dei gjer på undersøkingstidspunktet.

I intervjuet er det fleire studentar som uttrykkjer at det er stor skilnad på språket i og utanfor klasserommet, og S1 uttrykkjer det slik: *Men så er det, tenker du at du skjønner det greit, men så er det ofte kjempevanskelig å forstå folk ute i gaten. (...) Det er alltid mer vanskelig å skjønne hvis vanlige folk snakker med deg.* S8 bruker ord som *skuffende* og *utfordrende* om å ikkje forstå andre: *Og så det er veldig skuffende for meg når jeg ikke kan forstå hva andre sier, fordi nordmenn pleier å snakke veldig fort også. Det er veldig utfordrende når det gjelder den muntlige delen av språket. Men det hjelper mye når man kjenner dialekter.* S8 peikar på at det å kjenna dialektar hjelper på forståinga, sjølv om nordmenn snakkar fort, men hen gjentar litt seinare at *dialektene er, som jeg nettopp har sagt, det er en av de mest utfordrende delene av å lære seg norsk.* S1 hevdar at det er ulemper ved å få ei opplæring som ikkje samsvarar med det som dominerer i lokalsamfunnet:

S1: Jeg tror kanskje hvis du har norskundervisning, for eksempel som flyktning, og du flytter til [by, nordvest] (...) og du lærer norskkurs fra en som er fra [by, øst], eller [by, vest], eller hva som helst, og de snakker ganske standard bokmål, og senere går du ut på gata og prøver du å snakke med folk i butikk og så videre, er det kjempevanskelig. Så det er kanskje litt bedre hvis det var litt tilrettelagt på en spesifikk dialekt.

I: Men synes du at man skal, i norskundervisningen, bør man vise all den variasjonen som finnes i Norge?

S1: All er kanskje litt vanskelig. Jeg synes at det kanskje litt – kan være litt mer visning av variasjon, og forskjellige dialekter.

Her peikar S1 på problemet med å forstå dialektar i lokalsamfunnet. S1 ønskjer at den lokale dialekten og andre norske dialektar blir brukte og viste til i klasserommet. S8 har lært norsk i heimlandet tidlegare, og der var ikkje dei norske dialektane tematiserte:

Det eneste faktisk som jeg hørte var at dialektene er kjempevanskelige å lære, og at vi ville lære litt mer om dialekter på høyere nivåer. Hvis vi oppnår C1 eller C2, kanskje, så da kan vi begynne å tenke om å lære om dialekter, som jeg synes er – at en slik holdning er litt feilaktig. Jeg mener at jeg skulle ønske at jeg hadde lært meg litt mer om dialekter før, for eksempel på begynnelsen.

S8 ville gjerne ha lært om dialektar *på begynnelsen*, og hen er ikkje einig i at det er bra å venta med å introdusera dialektar til høgste nivå (tilsvarande trinn 4), men hevdar at *en slik holdning er litt feilaktig*.

Vurderingar av nynorsk

I spørjeskjemaet fordeler 43 studentar seg slik på utsegna «Jeg liker nynorsk»: Svært einig (16%, 7 studentar), einig (26%, 11 studentar), verken einig eller ueinig (28%, 12 studentar), ueinig (21%, 9 studentar) og svært ueinig (9%, 4 studentar). Her er det under halvparten, totalt 42% (18 studentar), som uttrykkjer at dei likar nynorsk, medan 30% (13 studentar) ikkje gjer det. Ein stor del (28%, 12 studentar) har ikkje noka formeining om dette.

Haldningane deira til nynorsk er mindre positive enn haldningane deira til dialektar (der 63% er svært einige/einige i «Jeg liker norske dialekter»).

I intervjuet gir S3 oss eit utanfråblikk på språksituasjonen i Noreg ved å samanlikna med heimlandet: *Hvis vi har dialekter i [hjemland], er det absolutt ingen skriftspråk som representerer dem*. Det at eit skriftspråk (nynorsk) er basert på dialektar, er utenkeleg i S3 sitt heimland. S6 meiner at det er liten skilnad på bokmål og nynorsk og hevdar at *om du kan en, tror jeg at du kan den andre, uten å gjøre så mye*. S6 har ei interesse for å lære språk og seier også at *jeg vil lære nynorsk når jeg er i Norge*.

S4 vurderer nynorsk ut frå estetiske perspektiv: *Jeg synes at nynorsk er litt vakrere fordi det knytter med bøker eller dikt og så videre*. Om det at nynorsk er oppfatta som vakrere enn bokmål er noko S4 har høyrte frå andre, kan me ikkje vita sikkert. S8 uttrykkjer derimot noko hen har høyrte: *Men i det siste har jeg lest at det blir stadig mindre og mindre populært å snakke nynorsk. At den er på vei til å dø ut, faktisk. Jeg er ikke sikker om det er aktuelt, men jeg har hørt om det*. Det S8 seier her, kan vera faktabasert, i og med at talet på nynorskelevar er synkende i grunnskulen,⁸ men det kan også vera uttrykk for språkhaldningar som har rot i meir kollektive verdivurderingar, at nynorsk ikkje er populært på nasjonalt nivå i det norske språksamfunnet.

Norskundervisning og nynorsk

I spørjeundersøkinga får studentane spørsmålet «Hvilket skriftspråk bruker læreren din? (Tenk på den læreren du har mest)». Her har 90% (46 studentar) svara «bokmål», medan

⁸ Jf. tal frå Statistisk sentralbyrå om målform i grunnskulen:
<https://www.ssb.no/statbank/table/03743/tableViewLayout1/>

«nynorsk» (1), «både bokmål og nynorsk» (1) og «vet ikke» (3) også er representerte i svarene. På spørsmålet «Hvilket skriftspråk ønsker du at lærere på norskkurs bruker?» er svarene fordelt slik: «bokmål» (71%, 34 studentar), «nynorsk» (2%, 1 student), «både bokmål og nynorsk» (25%, 12 studentar) og «vet ikke» (2%, 1 student). Det er 12 færre som ønskjer at lærarar nyttar berre skriftspråket bokmål i undervisninga, medan svaralternativet «både bokmål og nynorsk» aukar om lag tilsvarende. Igjen er det små tal og ikkje mogleg å generalisera, men tendensen er at desse studentane ønskjer at nynorsk gjerne kunne vore noko meir i bruk. Fleirtalet ser likevel ut til å gi bokmål større verdi enn nynorsk i opplæringa. Ein student kommenterer i fritekstfeltet: «Jeg har lyst til å forstå og lese nynorsk. Det er det offisielt skriftlig språk i [sted] og er en tilgang til å forstå dialekter.» Studenten knyter her verdien av å læra nynorsk til at det er eit offisielt språk og at det er ei hjelp til å forstå dialektar.

I intervjuet peikar S4 på at hen i starten av opplæringa ikkje visste at det var to skriftspråk i Noreg:

Jeg visste ikke at det var to skriftlige språk. (...) Det er interessant for meg. Det er noe man ikke forteller deg. Nå jeg vet det. (...) Men så – hvis jeg – If I would have known, maybe I would have chosen nynorsk. Because it seems very beautiful now. Now that I know about it. Men jeg visste ikke i datiden.

S4 meiner det ikkje har vore mogleg å ta eit kvalifisert språkval sjølv, fordi det er *noe man ikke forteller deg*, og hen har altså ikkje vore klar over språksituasjonen før i seinare tid. Det estetiske, at nynorsk *seems very beautiful*, ville vore ei grunngeving for å velja å læra nynorsk for S4. Ein av studentane, S6, har aktivt gått inn for å læra nynorsk etter å ha lært bokmål, og hen seier: *Jeg tror det kunne fungere at du lærer nynorsk fra utgangspunktet.*

Investering og språklege val

I spørjeskjemaet får studentane spørsmålet «Hvorfor lærer du norsk?» Her svarar alle i fritekstfelt, og grunnane som dominerer handlar om jobbmoglegheiter, familiære forhold og interesse for språk og kultur. Nokre uttrykkjer at dei vil bli verande i Noreg resten av livet, som denne studenten: «Jeg lærer norsk fordi jeg bestemte meg for å bo alltid i Norge.» Andre har ein ytre motivasjon knytt til jobb og/eller studie: «Fordi jeg vil få en fast jobb (og fast oppholdstillatelse) i Norge. I tillegg trenger jeg å lære språket for å forske temaet til masteroppgaven min.»

I intervjuet kjem me litt tettare på kvifor nokre har valt å investera tid og krefter i å forstå dei norske dialektane, her uttrykt av S7:

Og da ville jeg se noe på TV, og jeg forstod ingenting, fordi det var helt annerledes enn det som vi hadde i tekstbøker. Så det gikk opp til meg at jeg må gjøre noe mer for å kunne forstå språket. Det er ikke bare det som står i tekstboka. At jeg må vite litt mer om dialekter for å kunne forstå mennesker.

S7 tar sjølv ansvar når tekstbøker og lytteoppgåver ikkje strekkjer til. Det handlar her om å la seg bli eksponert for autentisk tale, som i norsk samanheng inneber dialektbruk. S7 er også tydeleg på at dersom hen hadde valt å snakka ein dialekt, ville det vore den lokale (i aust). På spørsmål om korleis S7 hadde tenkt dersom studiebyen hadde vore i vest, er svaret: *Kanskje jeg kunne lære meg [by, vest]-dialekt. Jeg vet ikke om det er noe man kan lære. Er det noe man kan lære?* Den staden der ein bur og studerer er såleis viktig for val av dialekt for S7.

S6 uttrykkjer at *jeg vet ikke om du kan kanskje si at du kan et språk, uten å kunne forstå alle som taler det*. S6 har hatt ei medviten tilnærming til all norsk variasjon og seier: *Jeg var interessert i norske dialekter og sånne ting, og det var litt sånn – jeg vil lære nynorsk når jeg er i Norge. (...) Jeg tror det kunne fungere at du lærer nynorsk fra utgangspunktet*. S6 er den studenten i materialet som er mest positiv til nynorsk, og både det å snakka dialekt og skriva nynorsk koplar hen til integrering: *Kanskje nordmenn liker om du prøver å lære en dialekt, og det er litt mer at det fremmer integrering, og kanskje nynorsk er på litt same måte. Jeg vet ikke, men det er mange som hater det*. Sjølv om S6 har fanga opp at nynorsk står lågt i kurs hos mange i Noreg, vil hen sjølv lære nynorsk både av eiga interesse og fordi hen har ei oppfatning av at det kanskje *fremmer integrering*. S2 har ei anna tilnærming til det å lære norsk, og her er det skriftspråka hen omtalar spesielt:

Jeg skal være ærlig her og fortelle at jeg har – jeg gidder ikke å lære to språk i et land som jeg skal bo i. Jeg kan klare meg på engelsk i Norge, men jeg bestemte meg for å lære norsk fordi jeg ønsker å være integrert og forstå folk. Jeg ønsker å snakke norsk med nordmenn, men det blir for mye stress for meg å lære bokmål og nynorsk. (...) Jeg ønsker å fokusere meg på bokmål.

S2 klarar seg med engelsk i Noreg, men har valt å lære norsk med tanke på integrering. Norsk for S2 er synonymt med *bokmål*, og investeringa til S2 er difor knytt til å lære dette eine skriftspråket. Vidare seier S2 dette om å snakka språket i landet ein bur i: *Så det er integrering for meg, og nå jeg prøver å hjelpe andre folk med integrering. Så ja, det er veldig viktig at når man kommer her, prøver å lære norsk*. Integreringa S2 snakkar om, oppfattar eg er meir knytt til Noreg som nasjon enn til lokalsamfunnet i vest der hen studerer, slik det kjem til uttrykk her:

Jeg vet at jeg skal bo i Norge, men kanskje jeg flytter til [by, øst] neste år for å studere noe. Og om jeg har fokusert meg så mye å klare meg i [by, vest]-dialekt, og da flytter jeg der, jeg vet ikke om – om det er – jeg har energi for alt. (...) Jeg tenker på meg som en av folk som bor her, og

Norge har hjulpet meg så mye og gitt meg så mye. Det er det minste jeg kan gjøre å snakke norsk, og ta tid for – for å lære meg norsk. Ja.

S2 har ei klar oppfatning om at det løner seg å investera i bokmål med tanke på integrering i Noreg. S1 hevdar derimot at *hvis du for eksempel flytter til et nynorskområde, så er det kanskje bedre å bare lære seg nynorsk*. Men S1 løftar også eit mogleg problem med å bruka det hen oppfattar som eit lokalt forankra språk viss ein flyttar til hovudstaden: *Men da er det kanskje for vanskelig å flytte til [by, øst]. Det vet jeg ikke*.

Drøfting av haldningar og investering

Eg vil venda tilbake til problemstillinga og drøfta *kva symbolsk verdi som er knytt til norskspråkleg variasjon i norskopplæring for internasjonale studentar, og korleis studentanes språklege val og investering er kopla til dei førestilte fellesskapane dei ønskjer å ta del i*.

Dei internasjonale studentane har fanga opp at det norske språket ikkje har ein offisiell talespråkleg standard, og at dette gir dialektar høg status i det norske språksamfunnet (Nesse & Høyland, 2023; Røyneland, 2017; Trudgill, 2002, s. 31). Vurderingane deira er i tråd med dette, og norske dialektar får positive merkelappar knytt til seg, som *identitet, status, likeverd* og *demokrati*. Dialektar er i tillegg vurderte ut frå estetiske parameter (*fine, artige, vakre*), og studentane har også personlege preferansar ut frå både estetiske kriterium og ut frå kva dialekt som er lett (aust og vest) og vanskeleg (trøndersk) å forstå. Samla kan dette tyda på at dei vurderer dialektar i Noreg, til skilnad frå i heimlanda deira, som noko som har *kulturell kapital* og gir *symbolsk makt* på *den lingvistiske marknaden* (Bourdieu, 1991). I tråd med funna i tidlegare forskning (Jølbo, 2007; Reppen, 2011; Røyneland og Jensen, 2025; van Ommeren, 2010) indekserer dialektbruk også for dei fleste av studentane i dette materialet både lokal tilhøyrslø, rotfeste og integrering.

Likevel viser funna at norskopplæringa desse studentane får inneber ei sletting/utvisking (Irvine & Gal, 2000) av norskspråkleg variasjon, og opplæringa speglar ikkje den språkbruken dei møter på utanfor klasserommet. Det må takast atterhald om at dette er basert på rapportert, ikkje faktisk, språkbruk. Studentane rapporterer også at dei ønskjer meir dialektal variasjon i klasserommet. Nokre studentar argumenterer for eit tidleg møte med variasjon i undervisninga ut frå ein frustrasjon over å ikkje forstå norske dialektar. Lærarane legg vekt på didaktiske omsyn knytt til progresjon og ventar med å introdusera dette til studentane er på dei høgaste trinna (Molde, 2026). Praksisen i klasserommet kan dermed seiast å vera eit eksempel på *utvisking* av den språklege variasjonen (Irvine & Gal, 2000). Studentane tar difor sjølv ansvar for å bli eksponerte for dette *utanfor* klasserommet. Det er ingen grunn til å hevda at lærarane viskar ut variasjonen som eit ledd i

ein medviten ideologiseringsprosess, men konsekvensen er likevel ei utilsikta utvisking av dette særmerket ved det norske språket. Opplæringa er såleis meir i tråd med eit standardnært språksamfunn enn slik det norske språksamfunnet er, der variasjonspraksisar er normalen (Nesse & Høyland, 2023).

I verdivurderingane av nynorsk trekkjer også studentane fram estetiske merkelappar, som til dømes S4 som hevdar at nynorsk er *vakrere fordi det knytter med bøker eller dikt*. Den same studenten peikar på at det ikkje har vore mogleg å ta eit kvalifisert språkval sjølv, fordi det er *noe man ikke forteller deg*. Verdien til nynorsk knyter nokre til at det er eit offentleg språk ein møter på i samfunnet og at det er ein dørøpnar for å forstå dialektar. Likevel er dei fleste studentane samde om at nynorsk er mindre viktig enn bokmål i andrespråksopplæringa. Dette kan tyda på at også nynorsk er utsett for ei utvisking (jf. Irvine & Gal, 2000), og studentane tilskriv heller ikkje nynorsk stor symbolsk verdi i det norske språksamfunnet (jf. Bourdieu, 1991). I materialet står S6 fram som eit unntak, for hen ser på nynorsk som eit nasjonalt forankra skriftspråk, ikkje eit lokalt og minorisert språk.

Kva for variantar av målspråket norsk, knytt til førestilte fellesskapar dei ønskjer å ta del i (jf. Norton, 2013), investerer så desse studentane i? Her vel dei ulikt, og eg vil bruka vala til fire av studentane som eksempel på samanhengar som trer fram. Studentane S1 og S7 uttrykkjer eksplisitt at dei ønskjer å bli integrerte i lokalsamfunnet, som for desse er den staden der dei bur og studerer (S1 i vest og S7 i aust). Den tilhøyrande lokale dialekten har dermed høg verdi for S1 og S7, og dei er også positive til nynorsk som dørøpnar for å forstå dialektar i Noreg. Det er særleg dei lokale dialektane desse to studentane meiner det er verdt å investera i for å ta del i lokalsamfunnet som fellesskap. To andre studentar (S2 i vest og S6 i aust) orienterer seg meir mot det overregionale eller nasjonale språksamfunnet. Dei søkjer mot ei integrering i nasjonen Noreg og tilhøyrerle i ein større fellesskap. Begge er positive til å forstå dialektar, men dei snakkar om variasjon på eit meir overordna nivå enn dei andre studentane gjer. S2 ser utelukkande verdi i skriftspråket bokmål i integreringssamheng, og integrering er her knytt til Noreg som nasjon, ikkje spesielt til lokalsamfunnet i vest. S6 orienterer seg også mot eit nasjonalt nivå, men S6 ser på nynorsk som skriftspråket hen meiner fremjar integrering best. At både bokmål og nynorsk blir oppfatta som gangbare variantar av målspråket norsk, som begge gir tilgang til ein overregional *førestilt fellesskap* (Norton, 2013), meiner eg illustrerer både spenningar og kompleksitet knytt til kva for språk som har størst verdi for den enkelte på den lingvistiske marknaden i Noreg.

Avslutning

Eit sentralt funn i denne artikkelen er at dei internasjonale studentane i hovudtrekk har ei positiv tilnærming til norskspråkleg variasjon, der særleg dei norske dialektane står i ei særstilling (jf. Trudgill, 2002). Fleire av studentane vil ta del i denne *heterogeniteten*, særleg

når det gjeld å forstå dialektar. Dialektar har stor symbolsk verdi (Bourdieu, 1991) for dei ved at dialektbruk inngår som del av eit demokratisk prosjekt, og eigen dialektbruk kan gi nokre fordeler i integreringsprosessen. Dialektar representerer ei utfordring for forståinga, og studentane ønskjer å bli meir eksponerte for variasjon også i undervisninga. Variasjonen blir introdusert seint i språkopplæringa, noko enkelte studentar har kritiske innvendingar til. Verdivurderingane av nynorsk i opplæringa er for desse studentane først og fremst knytt til at nynorsk kan fungera som dørøpnar for å forstå dialektar, og bokmål står i ei særstilling som det skriftspråket dei fleste set øvst i hierarkiet.

Studentane orienterer seg mot ein førestilt fellesskap (Norton, 2013), både lokalt og overregionalt/nasjonalt. Dei to studentane som i hovudtrekk orienterer seg overregionalt mot ein nasjonal fellesskap, har investert i ulike variantar av norsk. S2 har ei tydeleg standardspråkorientering (jf. Mæhlum, 2009), der bokmål er skriftspråket som er verdsett, både munnleg (bokmålsnær tale) og skriftleg. S6 verdset nynorsk høgt og ser på nynorsk som eit nasjonalspråk, ikkje som eit lokalt forankra språk. Begge verdset dialektar på eit generelt nivå, og koplar det til demokrati og mangfald. Desse knyter forståing av dialektar til integrering nasjonalt. Dei studentane som orienterer seg mot ein lokal fellesskap, er svært opptatte av dialektar, som dei både vil forstå og jamvel prøva å snakka, som både S1 og S7 er representantar for. Desse knyter tileigning av dialekt til integrering lokalt (jf. Røyneland & Jensen, 2025).

Funna viser at det er samanheng mellom studentane sine oppfatningar av kva symbolsk verdi ulike variantar av målspråket norsk har og investeringa deira i desse ulike variantane. Handlingsrommet til lærarane er stort i mangel på sterk politisk styring på dette området, og ei sterkare vektlegging av norskspråkleg variasjon i andrespråksopplæringa, også nedfelt i kursplanar, vil vera meir i tråd med deltakarane i denne studien sine perspektiv og haldningar. Det vil også motverka utvisking/sletting (Irvine & Gal, 2000) av variasjonen og dermed vera meir i tråd med slik det norske språksamfunnet er, med to offisielle norske skriftspråk og eit fråvær av eit offisielt standardtalemål. Inkludering av variasjonen i undervisninga kan gi studentane høve til å ta kvalifiserte språkval sjølve, som vil kunna gi dei lettare tilgang til dei førestilte fellesskapane dei ønskjer å bli integrerte i innanfor det norske språksamfunnet.

Referansar

- Alvesson, M. & Sköldberg, K. (2017). *Tolkning och reflektion. Vetenskapsfilosofi och kvalitativ metod* (3. utg.). Studentlitteratur.
- Auer, P. (2025). Dialect (non-)acquisition and use by young people of migrant background in Germany. *Journal of Multilingual and Multicultural Development*, 46(4), 954–968. <https://doi.org/10.1080/01434632.2020.1722680>
- Auer, P. & Rønnefeldt, U. (2025). Modelling acquisition and use of dialectal, standard and multiethnolectal features in migratory contexts across Europe. *Journal of Multilingual and Multicultural Development*, 1–8. <https://doi.org/10.1080/01434632.2020.1730385>
- Autotekst (u.å.). *Transkriber med Autotekst*. Universitetet i Oslo. Henta 5. mars 2026 frå <https://autotekst.uio.no/nn>
- Bourdieu, P. (1991). *Language and symbolic power*. Polity Press. <https://doi.org/10.1093/sf/71.1.242>
- Braun, V. & Clarke, V. (2021). *Thematic analysis: a practical guide*. SAGE. <https://doi.org/10.53841/bpsptr.2022.28.1.64>
- Bull, T. (2018). *Norsk språkhistorie: III: Ideologi*. Novus forlag.
- Cornips, L. (2025). Dialect acquisition by ‘new speakers’ of Dutch and their linguistic othering. *Journal of Multilingual and Multicultural Development*, 46(4), 1018–1034. <https://doi.org/10.1080/01434632.2020.1730384>
- Golden, A. & Steien, G. B. (2018). «Snakke med ved? Snakke med maskin?» Voksne flyktningers narrativer om norskopplæring. *Acta Didactica Norge*, 12(3), 4–24. <https://doi.org/10.5617/adno.5916>
- Heide, E. (2017). Det norske språkmangfoldet og opplæringa i norsk som andrespråk. *Norsklæraren*, 3, 16–27.
- Husby, O. (2009). Talt bokmål: Målspråk for andrespråksstudenter? *NOA norsk som andrespråk*, 2, 9–40. <https://ojs.novus.no/index.php/NOA/article/view/1710>
- Høyland, B. (2021). *Lærarars talespråklege praksisar i møte med andrespråkselevar. Ein studie av variasjon og refleksjon*. [Doktorgradsavhandling, HVL Stord]. <https://nva.sikt.no/registration/0198cc6ee31f-1d1274d9-9f45-47e8-8105-70da351220d8>
- Høyland, B. (2026, under publisering). Haldningar til norskspråkleg variasjon blant internasjonale studentar. I S. Ragnhildstveit et al. (Red.), *Andrespråksdidaktikk og språkmangfold i teori og praksis*. Fagbokforlaget.
- Hårstad, S., Mæhlum, B., & Ommeren, R. van. (2021). *Blikk for språk: sosiokulturelle perspektiver på norsk språkvirkelighet*. Cappelen Damm Akademisk.
- Irvine, J. T. & Gal, S. (2000). Language Ideology and Linguistic Differentiation. I P. V. Kroskrity (Red.), *Regimes of Language: Ideology, Politics, and Identities* (s. 35–85). School of American Research Press. <https://web.stanford.edu/~eckert/PDF/IrvineGal2000.pdf>
- Jølbo, I. D. (2007). «Det er måden å uttrykke meg på». En sosiolingvistisk undersøkelse av dialektbruk i norsk som andrespråk [Masteroppgåve]. NTNU, Trondheim. <https://ojs.novus.no/index.php/NOA/article/view/1190>
- Kulbrandstad, L. A. (2015). Språkhaldningar. *NOA norsk som andrespråk*, 1–2, 247–283.
- Molde, E. B. (2017). «Alle nordmenn snakker et annet språk enn vi studerer!». *Språkprat 01/19/2017*. <https://sprakprat.no/2017/01/19/alle-nordmenn-snakker-et-annet-sprak-enn-vi-studerer/>
- Molde, E. B. & Wunderlich, I. (2021). «That’s why jeg sa ja til intervju også». Bruk av semistrukturerte dybdeintervju som metode innenfor andrespråksforskningen. *NOA Norsk som andrespråk* 37,1–2. <https://ojs.novus.no/index.php/NOA/article/view/1994>
- Molde, E. B. (2026, under publisering). Språklege val og ønske blant studentar og lærarar på norskkurs. I S. Ragnhildstveit et al. (Red.), *Andrespråksdidaktikk og språkmangfold i teori og praksis*. Fagbokforlaget.
- Monsen, M. & Pájaró, V. (2021). Norskopplæring for voksne: en kritisk sosiolingvistisk tilnærming. I M. Monsen & V. Pájaró (Red.), *Andrespråkslæring for voksne. Vitenskapelige innsikter og didaktiske refleksjoner* (1. utg.). Cappelen Damm Akademisk.
- Mæhlum, B. (2009). Standardtalemål? Naturligvis! En argumentasjon for eksistensen av et norsk standardtalemål. *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 27(1), 7–26.
- Nesse, A. & Høyland, B. (2023). Norwegian Dialect Classifications. *Dialectologia*, 10(2023), 255–298. <https://revistes.ub.edu/index.php/dialectologia/article/view/53003>
- Norton, B. (2013). Identity and language learning: Extending the conversation. I B. Norton & C. Kramsch (Red.), *Identity and language learning: extending the conversation* (2nd ed.). Multilingual Matters. <https://doi.org/10.21832/9781783090563>

- Quist, P. & Skovse, A. R. (2025). Regional dialect and multiethnic youth style in a Danish social housing project. *Journal of Multilingual and Multicultural Development*, 46(4), 999–1017. <https://doi.org/10.1080/01434632.2020.1725527>
- Reppen, I. A. (2011). «Det viser seg at du er ekte nordmenn i stedet». *Andrespråksbrukere, sted og tilhørighet* [Masteroppgåve]. NTNU, Trondheim.
- Røyneland, U. (2017). Hva skal til for å høres ut som du hører til? Forestillinger om dialektale identiteter i det senmoderne Norge. *Nordica Helsingiensia*, 48, 91–106.
- Røyneland, U. & Jensen, B. U. (2025). Dialect acquisition and migration in Norway – questions of authenticity, belonging and legitimacy. *Journal of Multilingual and Multicultural Development*, 46(4), 937–953. <https://doi.org/10.1080/01434632.2020.1722679>
- Sjo, T. K. (2026, under publisering). «Me bør ikkje oversjå dialektane – og late som dei ikkje finst». Eit lærar- og studentperspektiv på norskspråkleg mangfald i norskundervisninga. I S. Ragnhildstveit et al. (Red.), *Andrespråksdidaktikk og språkmangfold i teori og praksis*. Fagbokforlaget.
- Tollaksvik, H. (2021). *Kva gjer andrespråkslærarar med talemålet sitt i undervising av vaksne innlærarar? Ei kvalitativ undersøkning av lærarar sine tilpassingar og læraroppfatningar om tilpassing av talemål* [Masteroppgåve, Universitetet i Bergen]. https://bora.uib.no/bora-xmloi/bitstream/handle/11250/2787967/masterthesis_tollaksvik.pdf?sequence=4
- Trudgill, P. (2002). *Sociolinguistic Variation and Change*. Edinburgh University Press. <https://doi.org/10.1515/9781474473330>
- van Ommeren, R. (2010). «Ja, jæi la an på å tåla oppdaling, ja». *En sosiolingvistisk studie av språklige praksisformer blant voksne innvandrere i Oppdal*. [Masteroppgåve]. NTNU, Trondheim.
- Woolard, K. A. & Schieffelin, B. B. (1994). Language ideology. *Annual review of anthropology*, 23(1), 55–82. <https://doi.org/10.1146/annurev.an.23.100194.000415>
- Øynes, A. (1996). Dialekt eller standardtalemål i undervisningen av norsk som andrespråk? *Norsklæraren*, 2, 39–44.